



| <b>PROTOKOLL</b>   |   |          |  |
|--|---|----------|--|
| <b>- møte i Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap.</b> |   |          |  |
| Stad:  | Dag 1: Voss kulturhus, Voss.<br>Dag 2: Hangurstoppen restaurant, Voss.          | Dato:    | 23. – 24.06.2020.                                      |
| Tlf:   | 95 17 25 95/ <a href="mailto:erling@naroyfjorden.no">erling@naroyfjorden.no</a> | Møtetid: | Dag 1: Kl. 12:15 - 18:30.<br>Dag 2: Kl. 08:50 - 13:00. |

| <b>Funksjon:</b>     | <b>Namn:</b>              | <b>Repr:</b>                              | <b>Møtt:</b>      |
|----------------------|---------------------------|---|-------------------|
| <b>Leiar:</b>        | Arne Sandnes              | VAR                                       | Ja                |
| <b>Nestleiar:</b>    | Hans Erik Ringkjøb        | Voss herad                                | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Trygve Skjerdal           | Aurland kommune                           | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Marta Sofie Vange         | Vik kommune                               | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Audun Mo                  | Lærdal kommune                            | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Jan Ove Tryggestad        | Stranda kommune                           | Nei               |
| <b>Medlem:</b>       | Eva Hove                  | Fjord kommune                             | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Natalia Golis             | Vestland fylkeskommune                    | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Tove-Lise Torve           | Møre og Romsdal fylkeskommune             | Nei               |
| <b>Medlem:</b>       | Frank Madsøy              | Fylkesmannen i Møre og Romsdal            | Ja                |
| <b>Medlem:</b>       | Kjell Kvingedal           | Fylkesmannen i Vestland                   | Ja                |
| <b>Observatør:</b>   | Gaute Sønstebø            | Miljødirektoratet                         | Ja                |
| <b>Observatør:</b>   | Atle Omland               | Riksantikvaren                            | Ja                |
| <b>Observatør:</b>   |                           | Klima- og miljødepartementet              | Nei               |
| <b>Observatør:</b>   | Bjørn E. Pedersen         | Sjøfartsdirektoratet                      | TEAMS<br>VF 03/20 |
| <b>Observatør:</b>   | Kristoffer Ullern-Hansen  | SNO Aurland                               | Ja                |
| <b>Observatør:</b>   | Kjell Hansen              | SNO Geiranger                             | Nei               |
| <b>Observatør:</b>   | Anbjørg Nornes            | Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden         | Ja                |
| <b>Observatør:</b>   | Jorunn O. Vallestad       | Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden         | Ja                |
| <b>Observatør:</b>   | Ingvild Hansen Nystad     | Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen | TEAMS             |
| <b>Bisitjarar:</b>   | Magnhild Aspevik          | Lærdal kommune                            | Ja                |
|                      | Ingunn B. Skjerdal        | Aurland kommune                           | Ja                |
|                      |                           | Vik kommune                               | Nei               |
|                      | Gunnar Bergo              | Voss herad                                | Ja                |
|                      | Inge Bjørdal              | Stranda kommune                           | Ja                |
|                      |                           | Fjord kommune                             | Nei               |
|                      | Arlen Synnøve Bidne       | Vestland fylkeskommune                    | Ja                |
|                      | Ola Betten                | Fylkesmannen i Møre og Romsdal            | Nei               |
|                      | Tom Dybwad                | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane           | Ja                |
|                      | Siv Aksdal                | Møre og Romsdal fylkeskommune             | TEAMS             |
| <b>Andre:</b>        | Ståle Brandshaug          | Visit Sognefjord AS                       | VF 04/20          |
|                      | Trude Knutzen Knagenhjelm | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane           | VF 05/20          |
|                      | Gøran Johansen            | Aurland kjøle- og fruktlager SA           | VF 10/20          |
|                      | Mona H. Hellesnes         | Destinasjon Voss AS                       | VF 11/20          |
|                      | Berit Lein                | Miljødirektoratet                         | Ja                |
|                      | Rolf Sandvik              | Global Maritime Services Ltd.             | TEAMS<br>VF 03/20 |
|                      | Knut Flakk                | 62gr. NORD                                | TEAMS<br>VF 03/20 |
|                      | Hege Økland               | NCE Maritime Cleantech                    | TEAMS<br>VF 03/20 |
| <b>Sekretariat G</b> | Katrin Blomvik Bakken     | Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV) | Ja                |
| <b>Sekretariat N</b> | Erling Oppheim            | Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)           | Ja                |



| PROTOKOLL: 23. – 24.06.20. |          |   |  |
|----------------------------|----------|---|--|
| Kl.                        | SAK NR.  | SAK   | Konklusjonar og semjer   |
| 12:15                      |          | <b>Velkommen til Voss herad og kulturhuset på Voss!</b>   | Velkomsthelsing ved ordførar Hans Erik Ringkjøb.<br>Framsying av verdsarvfilm og presentasjon av møtelyden.  |
|                            | VF 01/20 | <b>Merknader til innkalling, saksliste og møtereferat</b>   | Velkomsthelsing ved leiar Arne Sandnes. Kort om rådet si rolle og funksjon. Understreka særleg rådet si oppgåve i høve ivareta og fremje verdsarvstatusen.   |
|                            | VF 02/20 | <b>Innsikt / opplæring</b>  | Miljødirektoratet ved Gaute Sønstebø og Riksantikvaren ved Atle Omland presenterte grunnlaget og dei mest sentrale rammene for rådet sitt arbeid og mandat:<br>- Verdsarvkonvensjonen, norsk politikk og rolle internasjonalt, statsbudsjettet og verdsarvmidlar til Vestnorsk fjordlandskap.<br><br><i>Presentasjonane ligg ved møteprotokollen.</i><br><br><b>Verdsarvrådet tok orienteringane til oppfølging.</b>   |
|                            | VF 03/20 | <b>NYTT REGELVERK FOR SKIPSFARTEN I VERDSARVFJORDANE</b><br><br><i>(Om Sjøfartsdir. sin rapport knytt til konsekvensvurdering av nullutsleppsvedtaket.)</i> | Leiar av VAR, Arne Sandes, innleia kort. Følgjande var vidare invitert via TEAMS å halde korte orienteringar og innlegg om saka:<br>1. Rolf Sandvik, CEO Global Maritime Services.<br>2. Bjørn Pedersen, Avd.dir. Sjøfartsdirektoratet.<br>3. Hege Økland, CEO NCE Maritime Cleantech.<br>4. Knut Flakk, Styreleiar 62gr. NORD.<br><br><i>Sandvik, Økland og Flakk sine presentasjonar ligg ved møteprotokollen.</i><br><br><u>Handsaming:</u><br>Møtelyden og dei inviterte innleiarane drøfta saka grundig. Eit framlegg til uttale frå Verdsarvrådet til KLD om Sjøfartsdir. sin rapport og tilråding om utsetjing av 2026-vedtakt vart lagt fram i møtet. Rådsmedlem Natalia Golis fremja nokre endringar som vart innarbeidd i endeleg uttale.<br><br><b>Samrøystes semje:</b><br><i>Verdsarvrådet sluttar seg til framlegg til uttale slik den ligg føre i møte den 24. juni. Ny nestleiar av VAR, Eva Hove, presenterer uttalen på innspelsmøte med Klima- og miljøministeren den 30. juni.</i> |
|                            | VF 04/20 | <b>FELLESGODE-FINANSIERING</b>  | Prosjektleiar Ståle Brandshaug deltok på møtet og orienterte om status og vidare framdrift.<br><br><i>Presentasjonen ligg ved møteprotokollen.</i>   |



|  |          |  |  |
|--|----------|--|--|
|  |          |  | <p><u>Handsaming:</u><br/>Ordiskifte. Viktig å unngå tiltak som kan få negativ effekt på allemannsretten. Det er jobba godt med saka, møtelyden ser fram til endeleg rapport og tilrådingar frå prosjektet.</p> <p><b>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</b></p>  |
|  | VF 05/20 | <p><b>KULTURLANDSKAPET<br/>I VESTNORSK<br/>FJORDLANDSKAP</b></p> <p><b>DEL 1</b></p> <p><i>(Rapport frå<br/>Telemarkforskning låg<br/>ved utsending til<br/>medlemene)</i></p> | <p>Leiar av VAR, Arne Sandnes, innleia kort om saka med eit kort historisk tilbakeblikk og status pr. i dag. Trekte vidare fram Agri Analyse sin rapport og tilråding om korleis tiltaksplanen for kulturlandskapet for Vestnorsk fjordlandskap kan styrkast.</p> <p>Trude Knutzen Knagenhjelm, seniorrådgjevar hjå Fylkesmannen i Vestland, orienterte vidare om Telemarkforskning si evaluering av verdsarvmidlane.</p> <p><i>Knagenhjelm sin presentasjon ligg ved møteprotokollen.</i></p> <p><u>Handsaming:</u><br/>Møtelyden drøfta saka. Det er ei stor og viktig utfordring å styrke økonomien i eksisterande ordningar samt innføre nye ordningar - jfr. Agri Analyse sin rapport. Det vert ei sentral oppgåve for det nye leiarskapet å arbeide for styrka finansiering av tiltaksplanen over Statsbudsjettet. Arne Sandnes fremja utkast til semje.</p> <p><b>Samrøyste semje:</b></p> <p>1. Sluttrapport frå Agri Analyse, som blei godkjent av Verdsarvrådet (VAR) i møte 21.6.2019, og presentert for dåverande statssekretær i KLD, Sveinung Rotevatn hausten 2019, skal ligge til grunn for VAR sitt vidare arbeid med å styrke og utvikle eksisterande tiltaksordning for småskalalandbruket i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.</p> <p>2. Rapporten er tilpassa situasjonen i nordområdet. Tilsvarande rapport bør utarbeidast for sørområdet basert på dette området sine særlege føresetnader, før saka vert fremma for endeleg godkjenning i KLD/andre relevante departement og presentert for løyving over statsbudsjettet.</p> <p>3. Målet må vere å sikre godkjenning av revidert tiltaksplan og forsterka finansiering over statsbudsjettet 2021. Både planarbeid og politisk lobby skal gjevast høg prioritet av leiarskap og sekretariat i VAR hausten 2020.</p> |
|  |          |  |  |



|                               |                 |   |   |
|-------------------------------|-----------------|---|---|
|                               |                 | <b>DEL 2<br/>Flytting av<br/>forvaltningsoppgåver</b>   | <p>Magnhild Aspevik, landbrukssjef ÅLA landbrukskontor, og Inge Bjørdal, næringssjef Stranda kommune, orienterte om status i høve forvaltninga av tiltaksmidlane for kulturlandskapet i verdsarvområdet. Ansvaret for å forvalte ordninga vart frå 01.01.20. flytta frå fylkesmannen til verdsarvkommunane.</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved møteprotokollen.</i></p> <p><b>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</b></p>  |
|                               | <b>VF 06/20</b> | <p><b>ENDRINGAR<br/>RETNINGSLINER FOR<br/>VERDSARVRÅDET</b></p> <p><i>(Framlegg til reviderte retningsliner låg ved utsending til rådsmedlemane.)</i></p> | <p>Verdsarvsekretariatet gjennomgjekk kort framlegg til revidert retningsliner for VAR. Grunnlaget for endringane er regionreforma som endrar noko kommune- og fylkeslandskapet.</p> <p><b>Framlegg til semje:</b><br/>VAR sluttar seg til reviderte retningsliner slik dei ligg føre i møte den 23.juni d.å.</p> <p><u>Handsaming:</u><br/>Møtelyden drøfta det som låg føre. Det vart m.a. fremja merknad til møteform – og frekvens; nytte TEAMS eller tilsvarande når tilhøva tilseier dette. Signaturlinja må endrast i samsvar med gjeldande kommune- og fylkesstruktur.</p> <p><b>Samrøystes semje:</b><br/><i>Sekretariatet innarbeider møtelyden sine merknader slik dei ligg føre på møte den 23. juni og fremjar med dette som grunnlag nytt utkast til reviderte retningsliner på neste møte i VAR.</i></p> |
|                               | <b>VF 07/20</b> | <b>KONSTITUERING</b>  | <p>Møtelyden vart etter kort ordskifte samde om fylgjande:</p> <p><b>Samrøystes semje:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Leiar for Verdsarvrådet for perioden 2020 – 2021:<br/>- Trygve Skjerdal, ordførar Aurland kommune.</li> <li>2. Nestleiar for Verdsarvrådet for perioden 2020 – 2021:<br/>- Eva Hove, ordførar Fjord kommune.</li> <li>3. Hovudsekretariat for perioden 2020-2021:<br/>- Erling Oppheim, Nærøyfjorden Verdsarvpark.</li> </ol>  |
| <b>18:30</b>                  |                 | <b>Slutt DAG 1</b>  |   |
| <b>DAG 2 – 24. juni 2020.</b> |                 |   |   |
| <b>09:00</b>                  |                 | <b>VELKOMMEN DAG 2</b>  | <p>Møtelyden flytta seg denne dagen via Voss Gondol til ny møtestad hjå Hangurstoppen Restaurant. Der vart vi møtt av repr. for selskapet Voss Gondol AS som kort presenterte grunnlag, prosess og målsetjingar for satsinga. Etter dette ynskte ny leiar av VAR, Trygve Skjerdal, velkomen til ein ny møtedag som held fram med desse sakene:</p>  |



|          |  |  |
|----------|--|--|
| VF 08/20 | DEPONISAKA<br>JORDALSNUTEN   | <p>Aurland kommune ved ordførar Trygve Skjerdal og plansjef Ingunn B. Skjerdal orienterte kort om kommunen si rolle samt status og vidare framdrift i saka. Aurland kommune har opna for planprosess; eit planprogram er allereie sendt på høyring. Ei konsekvensutgreiing er venta ligge føre mot slutten av d.å.</p> <p>Tidl. nestleiar VAR, Hans Erik Ringkjøb, orienterte vidare kort om eit orienteringsmøte i regi av VAR/ Voss kommune gjennomført i Aurland den 8. januar. Møtet resulterte i ein uttale til KLD om Ekspertutvalet sin rapport i høve lokalisering av framtidige avfallsdeponi.</p> <p><u>Merknad:</u><br/>Møtelyden er uroleg for kva konsekvensar planinitiativet vil få for verdsarvstatusen. Umåteleg viktig at UNESCO - senteret i Paris vert orientert så raskt som mogeleg.</p> <p><b>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</b></p> |
| VF 09/20 | RULLERING<br>RESTAURERINGS-<br>PLAN FOR<br>VESTNORSK<br>FJORDLANDSKAP –<br>DELOMRÅDE<br>NÆRØYFJORDEN | <p>Arlen Synnøve Bidne, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune, orienterte om grunnlag og framdrift for arbeidet med revisjon av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved møteprotokollen.</i></p> <p><u>Merknad:</u><br/>Viktig å få på plass ein tilsvarande plan for delområde Geirangerfjorden.</p> <p><b>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</b></p>   |
| VF 10/20 | VERDSARVSENTER<br>NÆRØYFJORDEN   | <p>Prosjektleiar Gøran Johansen orienterte om status og framdrift i høve forprosjektet «Verdsarvsenter Nærøyfjorden».</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved møteprotokollen.</i></p> <p><u>Merknad:</u><br/>Svært positivt at det no er etablert eit godt samarbeid og grunnlag for etablering av eit verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet. Målsetjinga om gjenbruk + påbygg bør likevel vurderast opp i mot nybygg.</p> <p><b>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</b></p>   |
| VF 11/20 | BEREKRAFTIG<br>REISEMÅL  | <p>Mona H. Hellesnes, dagleg leiar Visit Voss, orienterte møtelyden om prosess og status kring satsinga «Berekraftig reisemål».</p>  |



|              |                 |   |   |
|--------------|-----------------|---|---|
|              |                 |   | <p><i>Presentasjonen ligg ved møteprotokollen.</i></p> <p><b><i>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</i></b></p>   |
|              | <b>VF 12/20</b> | <b>REVIDERING<br/>FORVALTNINGSPLAN<br/>FOR VESTNORSK<br/>FJORDLANDSKAP –<br/>DELOMRÅDE<br/>NÆRØYFJORDEN</b> | <p>Verneområdeforvaltar Jorunn O. Vallestad gjorde greie for status og framdrift i høve til oppstarta revisjon av forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.</p> <p><i>Presentasjonen ligg ved møteprotokollen.</i></p> <p><b><i>Verdsarvrådet tok orienteringa til vitande.</i></b></p>  |
|              | <b>VF 13/20</b> | <b>ORIENTERINGAR,<br/>ANDRE</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Erling Oppheim orienterte kort om status kring finansiering og tilsetjing av kulturvernforvaltar/ restaureringshandverkar i verdsarvområdet.</li> <li>- Atle Omland orienterte vidare om planar/ program i høve Riksantikvar Hanna Geiran si vitjing til Vestnorsk fjordlandskap hausten 2020.</li> </ul> <p><b><i>Verdsarvrådet tok orienteringane til vitande.</i></b></p> |
| <b>13:00</b> |                 | <b>Møteslutt</b>  |   |

For Verdsarvrådet, 3.juli 2020 – E. Oppheim.